

## Servicetorgsjefen

«MOTTAKERNAVN»  
«KONTAKT»  
«ADRESSE»  
«POSTNR» «POSTSTED»

Dykkar ref. «REF»	Vår ref. 2008/2236 - 18715/2008	Saksh. – tlf./epost Lasse Bolstad – 55097155 lasse.bolstad@fjell.kommune.no	Dato 16.10.2008
----------------------	------------------------------------	---	--------------------

### Innkalling til møte i Ungdommens Kommunestyre

Møtestad: Fjell rådhus, møterom 107 (1.et., ved sidan av kantina)  
Dato: Torsdag, 23. oktober 2008  
Tid: 16:00-17:30

Fjell ungdomsråd har endra namn til Fjell Ungdommens Kommunestyre. Tidlegare kontaktperson i kommuneadministrasjonen var Unni Rygg, men no har Lasse Bolstad tatt over dette ansvaret.

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte til oppsett tid så er det viktig at de gjev melding til Lasse Bolstad på tlf: 55 09 71 55 eller epost: [lasse.bolstad@fjell.kommune.no](mailto:lasse.bolstad@fjell.kommune.no) i god tid slik at varamedlem kan kallast inn.

**Vararepresentantar får også dette brevet, men dei møter berre dersom dei får eigen beskjed om å stille på møtet (dersom nokon av dei faste ikkje kan komme).**

#### SAKSLISTE

1. Introduksjon og informasjon om UKS v/tidlegare leiar Karani Shekh Agai.
2. Val av leiar og nestleiar for 08/09.
3. Drøfte deltaking på kurs/opplæring for UKS-representantane.
4. Invitasjon frå Askøy UKS til samarbeidsmøte om betring av kollektivtilbod.
5. Organisering av sommaraktivitetar 2009.
6. Fastsetjing av møteplan.
7. Ymse.

Postadresse: Postboks 184 5342 STRAUME	Besøksadresse: Rådhuset	Telefon: 56 32 64 00 Telefaks: 56 32 65 00 www.fjell.kommune.no	Bankkonto: Bankkonto for skatt og avgift:	6516 05 05200 6345 06 12466
--	----------------------------	---	--	--------------------------------

Samansetjinga av Fjell Ungdommens Kommunestyre 2008/2009 har gjennom val blitt slik:

	<b>REPRESENTANT</b>	<b>VARAREPRESENTANT</b>
Sotra v.g.s.	Charlotte Elisabeth Brunstøl	Joachim Kaland Jansen
Sotra v.g.s.	Eva Vik	Ann-Mari Aloysius Haug
Danielsen u.s.	Sunniva Lie Nese	Astrid Haugen Lie
Fjell u.s.	Silje Helen Sundal Lockert	Nora Våge
Ulveset u.s.	Johannes Lie	Martin Eide Lein
Ågotnes u.s.	Mari Ågotnes	Linn Chloe Hagstrøm
Fjell gard u.klubb	Katrine Eines	Tonje Rostrup Gundersen
Kårtveit u.klubb	Mariell Ophaug	Amanda Kvinge
Straume u.klubb	Alexander Tangerud	Tone Gjerstad

Alle nye medlemmer må hugse å ta med **skattekort/frikort** og **kontonummer** til første møtet, då arbeidet i UKS gjev rett på møtegodtgjersle. NB! Vi treng *originalt frikort – ikkje kopi!* Har du allereie 2 arbeidsgjevarar og dermed levert ut begge frikorta, så må du ta kontakt med likningskontoret og få nytt frikort/skattekort hjå dei. Skattekort skal leverast i original dersom det gjeld del 1 (hovudarbeidsgjevar). Har du allereie hovudarbeidsgjevar skal du levere del 2 – dette kan leverast som kopi dersom du veit du kjem til å trenge det til andre arbeidsgjevarar seinare i haust.

Vedtektene til UKS ligg ved innkallinga, saman med kopi av Kommunestyresaka der namneendringa vart vedteken. I saksframlegget ligg det mykje god informasjon om korleis samspelet mellom UKS og politikarane skjer, og dermed også nokre verdifulle tips til kva ein kan ta fatt i for deg som representant i UKS. Sidan vi diverre kjem ganske seint i gang med UKS i haust, så er det viktig at du på førehand tenkjer litt over om det er nokre spesielle saker du vil skal diskuteras allereie på første møte.

Med helsing

Lasse Bolstad  
sakshandsamar  
Politisk sekretariat

Vedlegg

- 1 Vedtekter for Fjell ungdommens kommunestyre (UKS)
- 1 Status Fjell ungdomsråd 2008